

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.09.2011
Sakhandsamar: **Hilde Christiansen**
Saka gjeld: **Omgjering av hjelpepleiar-/helsefagarbeidarstillingar**

Styresak 107/11 B

Styremøte 05.10. 2011

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF tar til orientering tilbakemelding frå føretaka.
2. Styret føreset at føretaka samarbeidar for å følgja balansen mellom yrkesgruppene nøye i tida framover.

Oppsummering

God oppgåvedeling er nøkkelen til å unngå omgjering av stillingar frå hjelpepleiar/helsefagarbeidar til grupper med høgare utdanning. Det er viktig at ein har ein grundig gjennomgang av kva for oppgåver som skal løysast og kva for kompetanse og ferdigheiter ein treng.

Beregningsutvalget for Spesialisthelsetjensten, BUS, leverer kvart år ein rapport som inneheld gjennomgang av spesialisthelsetenesta, mellom anna utviklinga i årsverk. Rapporten for 2010 peikar spesielt på utviklinga for hjelpepleiarar:

” Den største prosentvise nedgangen finnes innenfor gruppen hjelpepleiere mv, en nedgang på syv prosent fra 6 300 årsverk i 2009 til 5 900 årsverk i 2010. Innenfor gruppen annet personell er det også en reduksjon, mens annet helsepersonell har en økning i antall årsverk.”

Det blei eit tydeleg taktomskifte for ein del år sidan der tal på hjelpepleiarar vart redusert i spesialisthelsetenesta. I den same perioden har det ved ulike mellomrom vort peika på manglande rekruttering av sjukepleiarar.

Helseføretaka har oppsummert:

- Helse Stavanger har omgjort 8,5 stillingar siste halvanna år, etter nøye vurdering.
- Helse Bergen har omgjort 4 – 5 stillingar dei siste 2 åra, etter nøye vurdering.
- Helse Fonna har omgjort få stillingar dei siste åra, og presiserar at fokus må vere på arbeidet med rett kompetansemiks og oppgåvedeling.
- Helse Førde har omgjort få stillingar dei siste åra, og presiserar at fokus må vere på arbeidet med rett oppgåvedeling og god tilgjengelegheit i arbeidsmarknaden.

Fakta

I Styringsdokumenta for 2011 er det stilt krav om at helseføretaka skal:

- *delta i arbeidet for å sikre rett og betre oppgåvedeling*
- *sikre at omgjering av stillingar i føretaket ikkje inneber at oppgåvene blir lagde til utdanningsgrupper med lengre utdanning. Dette kan berre skje basert på ei grundig vurdering og dersom administrerande direktør har godkjent det.*

Analysar viser utviklinga for hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar, der trenden er færre og færre tilsette innafør denne gruppa, samstundes som analysar viser at det er innafør denne gruppa ein ventar den største etterspørselen både i sjukehusa og i kommunehelsetenesta.

RHF-styresak 055/10 B Rekruttering og kompetanse i føretaksgruppa Helse Vest omhandlar også mellom anna dette temaet. Styresaka blei gjennomgått i direktørmøte 7. juni 2010. Omgjering av hjelpepleiar-/helsefagarbeidarstillingar blei også diskutert i direktørmøte 8. november 2010.

Helse Vest RHF har bedt helseføretaka gjere greie for:

- Talet på stillingar som er omgjort det siste året
- Kva for tiltak er planlagt/sett i verk i helseføretaka for å følgje opp følgjande krav i styringsdokumenta:
 - delta i arbeidet for å sikre rett og betre oppgåvedeling
 - sikre at omgjering av stillingar i føretaket ikkje inneber at oppgåvene blir lagt til utdanningsgrupper med lengre utdanning. Dette kan berre skje basert på ei grundig vurdering og dersom administrerande direktør har godkjent det.

Helse Førde

Rutinar

Følgjande er nedfelt i personalhandboka som gjeld flytting og omgjerung av stillingar:

Det er høve til å flytte ledige stillingar mellom avdelingar innafor same klinikk/føretaksområde. Det er også høve til å oppgradere/nedgradere stillingar og gjere om stillingar (med unntak av legestillingar).

Omdisponering av stillingar mellom ulike yrkesgrupper skal ikkje skje med mindre dette er vedtatt av administrerande direktør.

Før endring vert gjennomført og eventuelt stillinga lyst ut, skal endringa drøftast med dei tillitsvalde som vert berørt. Omdisponering av stillingar mellom yrkesgrupper skal drøftast på føretaksnivå.

Dersom endringa har vesentlege konsekvensar for arbeidsmiljøet, skal saka handsamast i klinikk/føretaksområdet sitt arbeidsmiljøutval før det vert fatta vedtak.

Siste år har det vore mellom 1-2 saker som gjeld omgjerung av hjelpepleiar stillingar.

Det er 12 hjelpepleiarar som er mellom 65-69 år. Desse går av med pensjon om kort tid.

Forslag til tiltak for rett oppgåvefordeling

Helse Førde har spelt inn til forbetningsprogrammet at ein bør sjå på oppgåvefordeling i prosjekt moderne sengepostar. Det bør gjerast ei analyse av arbeidsoppgåver og kva for kompetanse samansetning som er optimal for framtida.

Helse Fonna

Alle søknader om omgjerung av stillingar i Helse Fonna, skal følgje interne rettleingar. Slike søknader skal gå til administrerande direktør for vurdering og eventuell godkjenning. Det er ikkje motteke slike søknader siste året, og så langt vi kjenner til er det ikkje omgjort stillingar.

Det er sett i verk arbeid/prosjekt i medisinsk klinikk, der intensjonen er å sikre rett og betre oppgåvedeling. Dette arbeidet er heilt i startfasen.

Helse Bergen

Helse Bergen har innarbeida rutinar i tråd med føringane frå Helse Vest. Føretaket har fokus på å unngå oppgåvegilding som fører til at oppgåver blir overført til høgare kompetansenivå enn nødvendig. I nokon få samanhenger blir det gjort om stillingar på bakgrunn av omleggingar i drifta, nye behandlingsmetodar som krev anna kompetanse enn tidlegare, eller at kortare liggetid medfører at pasientane får meir spesialisert behandling mens dei er på sjukehuset.

Det siste året har Helse Bergen gjort om ein laborantstilling til bioingeniør på bakgrunn av kompetansekrav ved sertifisering av eit laboratorium. Tre klinikkar har fått godkjent omgjerung av kvar sin hjelpepleiestilling på bakgrunn av kompetansebehov. Ein føresetnad for godkjenning av desse omgjerungane har vore at det ikkje medfører reduksjon av hjelpepleiarstillingar totalt i klinikken. Einingane må oppretthalde talet på hjelpepleiarar totalt i klinikken, sjølv om ein konkret stilling blir gjort om.

Følgjande rutinar gjeld i Helse Bergen:

Omgjerung av stillingar skal godkjennast av administrerande direktør/ viseadministrerande direktør for eventuell utlysing av stillinga. Før søknad om omgjerung blir send, skal einingane ha vurdert behov for og konsekvens av omgjerung, og saka skal vere drøfta med aktuelle fagorganisasjonar. Følgjande skal oversendast for behandling:

- *Grunn for ønskje om omgjerung, med ein faglig vurdering av kompetansebehovet frå nivå-2-leiar og ein utgreiing for korleis ein auka lønnskostnad skal dekkast*
- *Drøftingsprotokoll*

Helse Bergen er i ferd med å revidere gjeldande strategiplan for føretaket, og skal i løpet av andre

halvår 2011 leggje fram strategi for perioden 2012 – 2016. I etterkant av strategiarbeidet vil det bli utarbeida ein eigen strategiplan knytt til kompetanse og behov for framtidig arbeidskraft. I dette strategiarbeidet vil sikring av optimal oppgåvedeling samt tiltak som hindrar unødige forskyving av oppgåver til høgare utdanningsnivå stå sentralt for å imøtekomme desse utfordringane på lengre sikt.

Helse Stavanger

Det siste året er det i Helse Stavanger HF gjort om 9,25 stillingar frå hjelpepleiar/helsefagarbeidar til stillingar for høgskule/universitetsutdanna. Stillingane fordelar seg på følgjande måte:

- Psykiatrisk divisjon
 - Stavanger Distriktsmedisinske senter (DPS): 2 årsverk*
 - Ryfylke DPS 1 årsverk*
 - Sandnes DPS 1 årsverk**
- Kvinne- og barnedivisjonen
 - Barneavdelinga 1,75 årsverk
 - Gynekologisk sengepost (kreftbehandling) 1 årsverk
 - Nyfødt intensiv
- Kirurgisk divisjon
 - Nevrologisk avdeling 1 årsverk***
 - Kirurgisk poliklinikk 0,5 årsverk

* Stavanger DPS og Ryfylke DPS har høgare del hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar enn Sola DPS som er det nyaste DPSet i føretaket

** Stillinga er gjort om midlertidig til miljøterapeut

*** Ved denne avdelinga blei det i same tidsrom gjort om stilling frå sjukepleiar til sekretær

Tiltak som er planlagt/sette i verk for å følgje opp krava i styringsdokumentet

Delta i arbeidde med å sikre rett og betre oppgavebehandling

Helse Stavanger HF arbeider aktivt for å sikre rett og betre oppgavevedling. Tiltak som er sette i verk og som vil bli ført vidare:

- Pilotar med aktivitetsstyrt bemanning er gjennomført ved to avdelingar kor formålet er å sikre rett og betre oppgavevedling.
- Divisjonane har jobba aktivt for å utvide ansvarsområdet til helsesekretærene. Desse har tatt over oppgåver frå yrkesgrupper med lengre utdanningsløp.
- Det er starta eit prosjekt for legeggruppa i medisinsk divisjon kor ein vil sjå på oppgavevedling innan personellprosessar.
- Framleis bidra aktivt i regionale prosessar på dette området.
- Ved planlegging og oppretting av ny sengepost for utskrivingsklare pasientar i medisinsk divisjon har føretaket bevisst satsa på hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar. Del hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar i forhold til sjukepleiarar er auka betrakteleg i forhold til andre medisinske sengepostar. Del fagarbeidarar er auka frå om lag 22 % til 40 % ved den nyoppretta sengeposten.

I tillegg er det i Helse Stavanger HF starta opp ein prosess for å sikre at utdanna helsefagarbeidarar blir tilsette i helseføretaket, fyrst og fremst som erstatning av hjelpepleiarar som går av med pensjon. Helsefagarbeidarane er ei ny gruppe med ny kompetanseoppbygging. Det er forventa at det tar litt tid før helsefagarbeidaren blir ein naturleg del av pleiestaben i helseføretaket sine avdelingar og postar.

Helse Stavanger HF har starta ein prosess for å auke kunnskap, motivasjon og forståing for at helsefagarbeidaren blir ein viktig kompetanse i framtidens spesialisthelseteneste. Faktorar som er vektlagt:

- Tett kommunikasjon med divisjonar/avdelingar for å leggje til rette for godt læringsklima der ein motiverer for å sjå helsefagarbeidaren som ein framtidig kollega.
- God skriftleg dokumentasjon om læringforløpet.
- Sørgje for god instruktør opplæring i postane.
- God planlegging for å sikre at divisjonar/avdelingar er framsynte.
- Fagdagar saman med sjukepleiarar, fagleiarar, instruktørar kor helsefagarbeidaren som framtidig medarbeidar i spesialisthelsetenesta har vore hovudfokus.
- Samarbeid med vidaregåande skular som sikrar at også skulane gir status til helsefagarbeidaryrket, og motiverer til yrkesutøving i spesialisthelsetenesta etter ferdig læretid.

Sikre at omgjerung av stillingar i føretaket ikkje inneber at oppgåvene blir lagt til utdanningsgrupper med lengre utdanning. Dette kan berre skje basert på ei grundig vurdering og dersom administrerande direktør har godkjent det.

Helse Stavanger HF følgjer dette opp på følgjande måte:

- Divisjonsdirektør må ved søknad om omgjerung gjere greie for bakgrunnen for søknaden inkludert kva for oppgåver som ikkje kan utførast av hjelpepleiar/helsefagarbeidar.
- Saka skal handsamast i det partssamansette stillingsutvalet, og utvalet vurderer saka før saka blir send over til administrerande direktør.
- Divisjonsdirektør gjere greie for saka på møtet kor administrerande direktør og personal- og organisasjonsdirektør deltek. Administrerande direktør blir presentert for tillitsvalde sitt synspunkt før han tek avgjerung i saka.

Kommentar

I styresak 55/2010 blei det vist til utfordringane på kort og lang sikt, kva verkemiddel god oppgåvedeling kan bli i føretaksgruppa.



Vi peikar spesielt på resultatet som er nådd ved Barneklubben i Helse Bergen kor dei bevisst har gått gjennom oppgåvene og analysert kva som vil vera god oppgåvedeling for framtida. Dei har nådd gode resultat for fleire av yrkesgruppene. Tilnærminga er ein læringsutvikling gjennom KLEM prosjektet (Kompetanse, Leiarskap, endring og medarbeidarskap), eit aksjonsforskningsprosjekt som også er etablert ved Medisinsk divisjon i Helse Stavanger.

Føretaksgruppa Helse Vest utdannar nå 15 medarbeidarar som prosesskonsulentar med basis i KLEM prosjektet, eit samarbeid med NTNU.

Ein god balanse og samanheng mellom kompetanseutvikling og god ressursstyring er viktige element i det vidare arbeidet for å få nå dei langsiktige utfordringane spesialisthelsetenesta på Vestlandet står ovanfor. Rekrutteringsutfordringa vil vera krevjande dei neste 10-15 åra. Ein klok og god oppgåvedeling mellom yrkesgrupper må bringast naturleg inn i forhold til organisering av dei oppgåvene som skal løysast. Som peikt på i styresak 55/2010 har oppgåveglinga vore pressa oppover i utdanningshierarkiet dei siste 10 – 15 åra, og det er tid for at helseføretaka har ein ny og betre tilnærming for å få til ein rett oppgåvedeling mellom yrkesgrupper. For å lukkast med ein betre oppgåvedeling er det heilt avgjerande å auke talet på læringar innan helsefagarbeidarfaget. Det er ein føresetnad at helseføretaka også har stort fokus retta inn mot å behalda lærlingane når dei har fullført fagprøven.


Statistikk

For føretaksgruppa Helse Vest:



2008- september 2011	Endring i tal tilsette hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar	Endring i %
Helse Bergen HF	-172	22 %
Helse Fonna HF	-89	20 %
Helse Førde HF	-56	19 %
Helse Stavanger HF	-108	18 %
Totalt	-425	20 %

Ser ein samanhengen mellom utviklinga for hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar i relasjon til utviklinga for pleiegruppa totalt sett, forsterkar inntrykket seg endå meir. Det er ein auke for sjukepleiarar, mens det for hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar er betydeleg nedgang.



Det må vere eit mål å sjå verdien av god oppgåvedeling til beste for pasientane og dei ressursane ein vil rå over i eit langsiktig perspektiv.

Helse Vest har etablert eit styringsmål som legg til grunn at omgjering av stillingar ikkje skal skje med mindre dette eksplisitt er godkjent av administrerande direktør i HFa. Det er også inngått avtale med Fagforbundet for å sikre god rekruttering, redusere deltidstilsettingar med vidare.

Godt samarbeid i helsetenesta føreset avklaring i spørsmål om kven som har kompetanse til å utføre ulike oppgåver, kven som har direkte ansvar og pliktar i følgje regelverket og korleis det er hensiktsmessig å organisere seg. Ulik kunnskap, ferdigheit og erfaring gir ulike roller. Respekt for ulike perspektiv må til for å opparbeide tillit til å gå inn i diskusjonane kring god oppgøveløysing.

Konklusjon

Helseføretaka har dokumentert at dei har etablert rutinar i tråd med styringskrava i styringsdokumenta. På trass av dette ser vi likevel at talet på tilsette hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar går ned.